



Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 22.04.2015
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 10:00 - 14:25

Møtet vart styrt av ordførar Nils Marton Aadland.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 14.04.14 og møtet var kunngjort i pressa 25.03.15.

I starten av møtet orienterte representantar frå Norges Røde Kors om beredskapssamarbeid med kommunane som skal forankrast i ein samarbeidsavtale.

Representantar frå Norges Golf forbund og Meland Golf orienterte om golf i det lokale folkehelsearbeidet i Hordaland.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Rolf Hansen	AP	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Varamedlem
Ragnar Bratland	H	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Lars L Barstad	V
Sølvi Norunn Knudsen	SP

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen og økonomisjef Per Inge Olsen.
Kommuneplanlegger Kristin Nåmdal, leiar NAV Arngunna Haga, kommuneoverlege Tord Moltumyr, rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam og bygg og eigedomsforvaltar Erik Knag Johannessen møtte til sak 38.

Formannskapet hadde pause frå kl. 12:25 – 12:40.

Protokollførar: Randi Hilland

23.04.2015

Nils Marton Aadland
ordfører

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
34/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
35/2015	Godkjenning av møtebok
36/2015	Referatsaker
37/2015	Aktuelle saker
38/2015	Orientering av rådmannen
39/2015	Orientering om status kommunestruktur
40/2015	Rekneskap og årsmelding 2014
41/2015	Økonomisk rapportering mars 2015
42/2015	Avtale med Bergen Capital Management - Forlenging
43/2015	Reglement for Finansforvaltning Meland kommune
44/2015	Felles IKT-strategi
45/2015	Deltaking i det nasjonale Byregionutviklingsprogrammet

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/707

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
34/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Formannskapet - 34/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/707

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
35/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015

Godkjenning av møtebok frå møte 11.03.15

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 11.03.15 vert godkjent.

Formannskapet - 35/2015

FS - behandling:

FS - vedtak:

Møtebok frå møte 11.03.15 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/707

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
36/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
36/2015.1	Søknad om driftsstøtte for 2015

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Formannskapet - 36/2015

FS - behandling:

Det ligg føre søknad frå Kirkens SOS om driftsstøtte for 2015.

Ordførar kom med framlegg om å vidareføre støtta til Kirkenes SOS.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune løyver kr 8 000,- til Kirkens SOS i Bjørgvin som driftsstøtte for 2015. Kostnaden vert å dekkja frå konto 11410 101 1000 (gåver, representasjon).

Avrøysting:

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Meland kommune løyver kr 8 000,- til Kirkens SOS i Bjørgvin som driftsstøtte for 2015. Kostnaden vert å dekkja frå konto 11410 101 1000 (gåver, representasjon).

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/707

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
37/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Formannskapet - 37/2015

FS - behandling:

Sigmund Larsen:

- Ønskte status Mjåtveittjødna
Administrasjonen vil kome tilbake med informasjon. Dialog med Frekhaugmarka Vel.
- Sentrumsplan - Frekhaug senter
Administrasjonen har hatt 2 møte med utbyggjarar. Er i god dialog. Meir informasjon på neste møte.
- Stoda Vikebøsaka
Rådmann og orienterte om status erstatningskrav hos leverandør for ansvarsforsikring.
- Tilbakeføre møta i formannskapet på dagtid
Ordførar anbefalar å innføre dagmøte i formannskapet.

Marit Jøssang:

- Vil gje ros til at utkjørsel på Mjåtveit er sikra

Ordførar:

- Asplan Viak har vurdert Meland kommune si handtering av plansaker både administrativt og politisk som svært gode.

- Framdrift kommuneplan - møte med fylkesmannen 24. mars.
Status etter 2. gangs høyring - ingen statlege motsegn - bortsett frå at det på Landsvik/Kårbø vert lagt inn ei omsynssone for å sikre næringsareal.
Målet er å handsame saka i kommunestyret 17. juni eller på 1. møte etter sommarferien.
- Ordførar har hatt med møte med byrådsleder Martin Smith-Siverstsen og Handverk og Industrilaget om korleis skal Bergen og Nordhordland skal arbeide fram Nyborgtunnelen i NTP. Får besøk av representantar frå Transportkomiteen i Stortinget 4. mai.
- Hatt forhandlingar om kommunestruktur med Nordhordlandskommunane + Solund og Gulen.
Mandag 27. april forhandlingsmøte med Radøy og Lindås.
Mål å ha mykje klart før sommaren.

FS - vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/707

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
38/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015

Orientering av rådmannen

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Formannskapet - 38/2015

FS - behandling:

Leiar i NAV Arngunna Haga orienterte om arbeidet og utfordringar i NAV der ungdomssatsing i Meland - Aktivitetsplikt for unge er eit viktig tiltak.

Kommuneoverlege Tord Moltumyr orienterte om legekapasitet, plassmangel og utfordringar med stor folkevekst.

Treng vedtak på

- Kvar skal veksten av helsetenestene være - Frekhaug senter eller ut av noverande kommune
- Strukturdebatt - samanslåing av tenester
- Fastlegeordning - ønske om innbyggjarpåverknad

Rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam og bygg- og eigedomsforvaltar Erik Knag Johannessen orienterte om sak.

Formannskapet vil verta informert vidare.

FS - vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/707

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
39/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015

Orientering om status kommunestruktur

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Formannskapet - 39/2015

FS - behandling:

Rådmann orienterte:

To løp - eit mot Bergen og eit mot Nordhordlandskommunane.

Rådmann og kommuneplanleggjar har hatt 2 møte med Bergen kommune. Innhente informasjon - er i god prosess.

Sak i kommunestyret 17. juni om vidare prosess.

FS - vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	15/908

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
40/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015

Rekneskap og årsmelding 2014

Vedlegg:

Årsrekneskap 2014 Meland kommune

Årsmelding 2014 Meland kommune

Revisjonsrapport nr 12 Årsrekneskap 2014

Revisjonsberetning 2014 signert

Notat 09.04.2015 til kontrollutvalet vedr punkter i revisor sin rapport nr 12

Uttale frå leiinga til Meland kommune sin Årsrekneskap for 2014-signert

Særutskrift frå sak 13/15 i Kontrollutval 10.04.15 - Uttale til årsrekneskapen for 2014

Saksopplysningar:

Meland kommune leverer i 2014 som i 2013 eit godt resultat, totalt kr 3,1 mill betre enn budsjett.

Kommunen har eit netto driftsresultat på kr 14,2 mill, som er 2,91 % av sum driftsinntekter.

Til samanlikning vart netto driftsresultat i 2013 på kr 29,9 mill, som utgjer 6,38 % av driftsinntektene.

Vi har altså ein resultatnedgang frå 2013 på kr 15,7 mill, eller omtrent ei halvering. Trekk ein frå overføringer til investeringsrekneskapen og netto avsetningar til fond er resultatet på kr 14,9 mill, mot kr 21,1 mill i 2013, ein nedgang på kr 6,2 mill.

Kommunen budsjetterte i 2014 med kr 11,8 mill i avsetjing til disposisjonsfond. Avsetjing er gjort som budsjett, og vi har igjen eit ikkje disponert mindreforbruk på kr 3,1 mill for 2014.

Netto driftsresultat på kr 14,2 mill er disponert slik etter krav i lover og forskrifter:

kr 3,0 mill Bruk av tidlegare års mindreforbruk (avsetning av overskotet frå 2013 til disp.fond)

kr 4,4 mill er bruk av bundne fond

kr 0,1 mill er momsrefusjon som vert overført til investeringsrekneskapen (korr. av føring i 2013)

kr 3,6 mill er avsetning til bundne driftsfond

kr 14,8 mill er avsetning til disposisjonfond (overskot frå 2013 og budsjettert overskot i 2014)

Etter dette sit kommunen igjen med eit netto mindreforbruk (overskot) på kr 3 098 808, som rådmann gjer framlegg om å avsetje til disposisjonsfond.

Kommunen sin investeringsrekneskap viser at det er føreteke investeringar i anleggsmiddel på kr 21,2 mill, av dette er kr 4,4 mill til vassverk og avlaupsanlegg. Utlån og forskotteringar, avdrag på lån og avsetningar er på til saman kr 17,1 mill, slik at årets finansieringsbehov i investeringsrekneskapen er på kr 38,3 mill. Revidert budsjett var på kr 29,8 mill, slik at det brutto i 2014 er

ført kr 8,5 mill meir i investeringsrekneskapen enn budsjettet. Dette skuldast ein del postar ført brutto som avsetningar, men som har tilsvarande inntekter, utan at desse bruttoføringane er budsjettet. Dette gjeld mellom anna ekstraordinære tilbakebetalingar av startlån og motteke tilskot til Breibandsutbygging.

Framlegg til årsmelding for 2013 og årsrekneskap for 2013 følgjer som vedlegg til saka. Årsmeldinga gjev ei utfyllande forklaring til det gode resultatet.

Framlegg til vedtak:

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2014 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3.098.808,29.
2. Mindreforbruket for 2014 på kr 3.098.808,29 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

Formannskapet - 40/2015

FS - behandling:

Økonomisjef og rådmann orienterte.

FS – framlegg til vedtak:

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2014 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3.098.808,29.
2. Mindreforbruket for 2014 på kr 3.098.808,29 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	15/1109

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
41/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015

Økonomisk rapportering mars 2015

Vedlegg:

- 1-Status regnsk-bud pr mars 2015
- 2-Rapport investeringer 31.03.15

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann skal kvar månad legge fram rapport som syner budsjettstatus. Så tidleg i året er det normalt vanskeleg å estimere avvik på lønspostar og andre kostnadspostar ut frå forbruk hittil i år. Likevel vil vi etter at eit kvartal av året kunne seie noko om tendens i forhold til mogelege budsjettavvik.

Førebels ventar vi ikkje vesentlege budsjettavvik for 2015, men vi ser utfordringar når det gjeld skatteinngong, skulane og for barnevernet. Husleigeinntektene på PUK kan vere budsjettert for høgt. På Sagstad skule vert det ein klasse meir enn budsjettert frå hausten 2015, og skulen estimerer eit meirforbruk på kr 286.000,- som dei ikkje reknar med å kunne dekke innanfor ramma, og vi melder difor dette som avvik. Godt innanfor budsjettet både på sjukeheim og i heimetenestene, men manglande personellressursar gjer at ein har problem med å få utført tenestene etter vedtak.

Sjå elles vedlagte driftsrapport med kommentarar som følgjer vedlagt.

Rapport over driftsinvesteringar og investeringar innan VA følgjer og vedlagt. Merk at det må gjerast budsjettendringar på nokre prosjekt som ikkje vart ferdige som budsjettert i 2014, men forseinka og må gjerast ferdig i 2015. Det er ikkje snakk om meirforbruk på desse prosjekta, kun overføring og finansiering med midlar som er sett av i rekneskapen som unytta lånemidlar pr 31.12.2014.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek rapporteringa til orientering

Formannskapet - 41/2015

FS - behandling:

Økonomisjef orienterte.

FS - vedtak:

Formannskapet tek rapporteringa til orientering

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen		15/1106

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
42/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015

Avtale med Bergen Capital Management - Forlenging

Vedlegg:

Avtale med BCM vedr forvaltning av låneportefølje for Meland kommune - signert 11.12.2014

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune inngjekk i desember 2014 avtale med Bergen Capital Management avtale om forvaltning av låneportefølje. Saka vart handsama i kommunestyret i sak 79/2014, med vedtak i punkt 5 og 6 slik:

5. Kommunen inngår rammeavtale med Bergen Capital Management på prøvevilkår fram til 31. mai 2015. Honorar ca kr 50.000,- vert å dekke innanfor vedtekne budsjetttrammer. Kommunen skal oppdatere finansreglementet i løpet av avtaleperioden.

6. Kommunen skal innan 31.05.2015 kunngjere ein anbudskonkurranse kor kommunen inngår parallelle rammeavtaler med leverandører av gjeldsbrevlån. Avrop og evt. låneopptak vert å gjennomføre ved førespurnad blant rammeavtale-leverandørane.

Rådmann meiner avtalen er nyttig for kommunen, og ynskjer å forlenge denne i inntil 2 år. Avtalens vedlegg 2 regulerer kostnaden ved forlenging. Kostnaden vert å dekke ved å redusere rentekostnadane tilsvarande. Årleg kostnad er 0,5 promille av total låneportefølje, ca kr 200.000,-. For forlenging av avtalen frå 1. juni 2015 og fram til 31.12.2015 utgjer dette 7/12 år eller kr 116,700,-. Vi treng ikkje signere ny avtale, eksisterande avtale vert automatisk fornya om vi ynskjer dette.

Bergen Capital Management meiner vår låneportefølje har ein for høg gjennomsnittleg rentekostnad, og meiner vi gjennom ein meir aktiv forvaltning av denne kan spare opp til 0,5 prosent årleg rente, eller inntil 2 mill kr. Dette ut frå forskjell på vår noverande gjennomsnittlege rentekostnad og beste marknadsrente på ein kommunal låneportefølje på vår storleik.

Rådmann ynskjer å bruke Bergen Capital Management som forvaltar og rådgjevar i vår arbeid med å refinansiere låneporteføljen slik at vi kan redusere rentekostnadane.

Vurdering

Ingen konsekvensar for Folkehelse eller Miljø. Forventar økonomiske innsparingar som følgje av positivt vedtak i saka.

Framlegg til vedtak:

Avtale med Bergen Capital Management vert forlenga i inntil 2 år til mai 2017. Rådmann får fullmakt til å forlenge avtalen fram til dette tidspunkt.

Kostnad kr 200.000,- årleg eller kr 116.700,- for perioden frå 1. juni til 31.12.2015 vert budsjettert som honorar i 2015 og finansiert med tilsvarande reduksjon i budsjetterte lånerenter for 2015. For 2016 og 2017 vert kostnaden å innarbeide i ordinært budsjett.

Formannskapet - 42/2015**FS - behandling:****FS – framlegg til vedtak:**

Avtale med Bergen Capital Management vert forlenga i inntil 2 år til mai 2017. Rådmann får fullmakt til å forlenge avtalen fram til dette tidspunkt.

Kostnad kr 200.000,- årleg eller kr 116.700,- for perioden frå 1. juni til 31.12.2015 vert budsjettert som honorar i 2015 og finansiert med tilsvarande reduksjon i budsjetterte lånerenter for 2015. For 2016 og 2017 vert kostnaden å innarbeide i ordinært budsjett.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen		15/1105

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
43/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015

Reglement for Finansforvaltning Meland kommune

Vedlegg:

Reglement for Finansforvaltning Meland kommune 2015

Saksopplysningar:

Meland kommune sitt Finansreglement er vedteke i kommunestyret i sak 076/2010. Reglementet er ikkje i eit format som passer dei behov kommunen har eller slik det er tilrådd frå Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund eller frå vår avtalepartner på låneforvaltning, Bergen Capital Management. Vedlagt følgjer framlegg til nytt reglement. Dette bygger i hovudsak på Lindås kommune sitt reglement vedteke i november 2014, unnateke kapittel 8 om Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva. Dette kapittelet er meir i trå med standarden som er tilrådd, og er strammare enn reglementet til Lindås kommune.

Meland kommune har i dag ikkje langsiktige finansielle aktiva, men kapittelet er med for å gjøøre Finansreglementet komplett.

Årsaka til at vi treng nytt reglement er først å fremst at avgrensingane som ligg i forhold til rentebindingsperiode på langsiktig gjeld er så rigide at dei fører til at kommunen må ha mange små lån, og dei krev rentebindingsperiodar som i dagens lånemarkand vil gje ei for høg rente og rentebinding som ikkje er tilrådeleg i dagens rentemarknad.

Det nye reglementet er dessutan meir uavhengig av rentemarknaden enn noverande reglement, slik at vi har mogelegheit for å tilpasse oss marknaden og til ei kvar tid ha ein låneportefølje med rentebindingstid og rentenivå som er så god som mogeleg.

Framlegg til vedtak:

Vedlagte framlegg til nytt reglement for finansforvaltning vert vedteke.

Formannskapet - 43/2015

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

Vedlagte framlegg til nytt reglement for finansforvaltning vert vedteke.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 056, TI - &85	15/1077

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
44/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015

Felles IKT-strategi

Vedlegg:

Felles IKT Strategi 2015-2018

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Felles IKT-strategi 2015-2018 for kommunane i det interkommunale IKT-samarbeidet i Nordhordland vert med dette lagt fram for politisk handsaming.

IKT-strategien gjer greie for dei viktigaste prioriteringane, måla og satsingsområda for åra 2015 til 2018. Sjølve strategiane er på overordna nivå og skal følgjast opp av ein meir detaljert tiltaksplan. Tiltaksplanen skal sei noko om korleis strategien skal setjast ut i livet.

Visjonane frå tidlegare strategiperiodar vert vidareførte i visjonen for denne strategiperioden. Vi skal leggje til rette for felles tenesteyting og samarbeid om ressursbruk.

Erfaring frå tidlegare strategiar har synt at det er naudsynt med politisk forankring av Ikt-strategien.

Vurdering

Sidan IKT-samarbeidet i Nordhordland vart oppretta i 2011 har vi oppnådd mykje positivt. Sjølv om vi har kome ganske langt i arbeidet med å digitalisere forvaltninga er det likevel mykje som står att. Vi treng difor offensive målsetjingar og tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre prosjekt, som på sikt fører til meir effektiv forvaltning og reduserte kostnader.

Måla vi har i vårt framlegg til strategi byggjer på måla i digital agenda for Norge. Nokon vil synast dei er ambisiøse, mendan andre kanskje meiner vi bør ta mål av oss til å kome enda lenger i perioden. Kommunane i IKT-samarbeidet er ulike og har i ulik grad ressursar til å utvikle og gjennomføre den organisasjonsutviklinga IKT-utviklinga krev.

Strategien skal vere noko å strekkje seg etter, men samstunden må den vere realistisk. Vi meiner at det framlegget som no vert lagt fram til politisk forankring stettar desse krava.

Strategien seier noko om at digital dialog skal vere hovudsatsinga vår. Vidare nemne den utvikling på prioriterte tenestedområder. Det betyr ikkje at det ikkje kan jobbast med område som ikkje konkret er

nemnd, men dei områda som er nemnd skal ha særskild fokus.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Felles IKT-strategi er eit godt grunnlag for å vidareutvikle kommune-organisasjonane og dei digitale løysingane vi i dag har. Det er eit stort potensiale i å utnytte dei systema vi har betre, samt implementere nye løysingar som ei vidareutvikling av dagens løysingar.

Mange ser på digital kommunikasjon som ein sjølvfølge i dag, og kommunane må henge med i utviklinga. Men digital kommunikasjon byr også på utfordringar. Vi har eit stort ansvar for å sikre at dei løysingane vi nyttar, og dei rutineane vi etablerer er trygge og sikrar både vern av sensitive personopplysningar, teieplikt og informasjonstryggleik. Vi må sikre arkivrutinar og trygg dokumenthandtering.

Sjølv om vi har eit IKT samarbeid som fungerer svært godt, er ikt-tryggleik den einskilde kommune sitt ansvar. Vi må sjølv syte for at vi har naudsynt kompetanse og gode nok rutinar på dette.

Felles IKT-strategi kan hjelpe oss å setje Ikt utvikling på dagsorden, men jobben med å implementere dette i organisasjonane kviler på den einskilde kommune. Det at vi løftar saman gjer likevel at vi kan kome litt lenger enn om vi kvar for oss skulle hatt ansvar for å fonye og levere digitale tenester som gir innbyggjarar og næringsliv eit reelt digitalt førsteval.

Framlegg til vedtak:

Felles IKT-staregi for 2015 – 2018 vert vedteken som Meland kommune sin IKT-strategi for denne perioden.

Formannskapet - 44/2015

FS - behandling:

FS – framlegg til vedtak:

Felles IKT-staregi for 2015 – 2018 vert vedteken som Meland kommune sin IKT-strategi for denne perioden.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - L05	15/533

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
45/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015

Deltaking i det nasjonale Byregionutviklingsprogrammet

Vedlegg:

Rapport - Flere robuste, bærekraftige sentre i en felles bo og arbeidsregion - Økonomisk samhandling i Bergensregionen
Utviklingsprogrammet for byregioner søknad til fase 2. frist 1. mai

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune er invitert til å delta i fase 2 i Kunnskaps- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt Utviklingsprogram for byregionar.

Første fase av programmet vart gjennomført i 2014. Til saman 33 byregionar med 187 kommunar tok del i denne fasen. Frå vår region deltok Bergen, Askøy, Fjell og Lindås kommunar. På slutten av fase 1 tok prosjektet kontakt med Meland og Os for å få oss til å vurdere deltaking også. Rådmannen tok del i eit prosjektmøte før jul, Sektorsjef teknisk og Samfunnsplanleggjaren har teke del i samrådsmøte / prosjektmøte etter nyttår.

KMD har no lyst ut midlar til fase 2 med søknadsfrist 1. mai 2015. Bergen og Askøy kommune har sagt nei til å fortsetje i fase 2, mens Meland og Os har gjeve signal om at det er aktuelt å gå inn i programmet. For Meland sin del er spørsmålet avkonferert med ordførar. Alle kommunane fremmer saka politisk før søknaden om deltaking i fase 2 blir sendt.

Kva er Byregionprogrammet?

Programmet er nasjonalt og vert administrert av Distriktssenteret på oppdrag frå KMD. Gjennom programmet ønskjer KMD å legge til rette for positiv utvikling i byregionar. Heilt konkret skal byregionprogrammet auke kunnskapen om samspel mellom by og omland og om regionen sitt potensiale for næringsutvikling. Regjeringa ønskjer å føre ein aktiv politikk der byane og omlandet har eit samspel til beste for regionen og for landet som eit heile. Kva som kan gje vekst vil variere frå byregion til byregion. Regjeringa understreker at det er viktig at kommunane prioriterer samfunnsområde som faktisk let seg påverke gjennom politiske avgjerder.

Det er eit mål at auka kunnskap skal bidra til strategiar og tiltak som styrkjer regionen. I fase 1 av prosjektet har regionane fått støtte til å gjennomføre ei samfunnsøkonomisk analyse. Menon Business Economics har gjennomført denne analysa i Bergensregionen. Rapporten har tatt utgangspunkt i dei fire opprinnelege deltakarkommunane Lindås, Askøy, Fjell og Bergen. For å sjå heilskapen har Menon oppdatert statistikken til å inkludere Os og Meland. Rapporten ligg vedlagt.

I fase 2 av prosjektet kan byregionane søkje om midlar til gjennomføring av nødvendige prosessar og utarbeiding av strategiar og tiltak innanfor tema/samfunnsområde der det blei avdekka manglar i fase 1. Det er avklart med departementet at regionkommunane kan halde fram i fase 2 sjølv om bykommunen ikkje tek del vidare.

Det er sett av 91,5 millionar, der kvar deltakarregion kan søkje om inntil 3 millionar over tre år. Dette skal dekkje 50 prosent av stipulerte prosjektkostnader. Resterande 50 prosent skal dekkjast inn gjennom eigeninnsats frå kommunane. Det skal utarbeidast ein enkel undervegsrapport kvart år.

Søknadsfrist for å delta i programmet er 1. mai. Fjell kommune har tatt på seg koordinerings- og prosjektleiaransvaret og ansvaret for å sende inn søknad på vegne av samarbeidskommunane.

Kvifor bør Meland delta?

Meland har mykje av dei same utfordringane som kommunane Fjell, Lindås og Os. Alle er presskommunar og alle jobbar med å tilrettelegge for næringsutvikling og utvikle senterområde og større utbyggingsområde. Ved å etablere eit meir formelt samarbeidsforum, kan vi lettare lære av kvarandre, finne gode felles løysingar og i større grad tenkje regional utvikling i staden for utvikling i eigen kommune åleine.

Næringslivet er lite opptatt av kommunegrenser. Dei ser ofte på infrastruktur og tilfang av god arbeidskraft. Skal bergensregionen vinne i kampen mot andre regionar, krev det at vi samarbeider med kommunane i vår region i langt sterkare grad enn vi tradisjonelt har gjort.

Byregionprogrammet er eit spennande nasjonalt program, og for Meland sin del er både tilrettelegging for vekst i Frekhaug sentrum og arbeidet med planane for Midtmarka / Flatøy midt i målauget. Det handlar om samordna nærings-, service-, transport- og bustadutvikling i aksa Knarvik – Frekhaug, koordinert mot overordna regionale planar og byutviklinga i Bergen. Midtmarka er i så måte unik, som det einaste, større urørte utbyggingsområdet som ligg svært nært regionsenteret i Knarvik. Utviklinga må støtte krav til klimavenleg og energinøytral vekst.

Eigeninnsatsen vil vere arbeidsinnsats som Meland i alle høve kjem til å leggje ned i pågåande plan- og utviklingsarbeid. Prosjektmidlane dekkjer m.a. konsulenthjelp i programmet. Meland har elles også søkt om skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland, til liks med dei andre deltakarkommunane.

Mål og tema:

25 mars 2015 hadde deltakarar frå kommunane eit innleiarande møte for å konkretisere og gje innspel til søknaden om midlar i fase 2. Det vart lagt vekt på at temaområda skal vere fleksible slik at kursen kan justerast undervegs ved behov. Følgjande mål og tema for søknaden er skissert:

Mål:

Regional utvikling og stadutvikling.

Det skal leggjast til rette for robuste, berekraftige senter i ein felles bu - og arbeidsregion.

Gjennom å utvikle berekraftige og attraktive senter skal fleire bu, ha arbeidet sitt og bruka fritida si lokalt. Korleis og kva som fungerer, skal byregion- programmet bidra til å utvikle og spre kunnskap om.

Tema:

Arbeidsplassar og næringsliv:

Samfunnsanalyse viser at nokre kommuner er svært sårbare ved at dei har mange av arbeidsplassane i ei bedrift. Andre er svært retta mot ei næring, mens utfordringa til ein tredje kommune er at næringslivet er retta mot ein lokal marknad. I alle kommunane pendlar arbeidstakarar med høg utdanning til Bergen på jobb. Er dette berekraftig? Korleis skal vi tenkje rundt tilrettelegging for framtida sine arbeidsplassar?

Felles gang- og sykkelstrategi:

For å redusere presset på vegane og redusere klimagassutsleppa må bilbruken ned og fleire må over på sykkel og gange. Korleis kan vi klare å realisere planar/strategiar og skape engasjement rundt bruk av sykkel og det å gå i kommunane? Kva kan dette bety for folkehelsa?

Bustader og bumiljø for framtida:

Det blir fortetta og bygd i høyda, men er dette svaret på korleis innbyggjarane vil bu i framtida? Bør vi tenkje annleis? Kan vi etablere «10 minutters-byen»? Kva med gode møteplassar og identitet? Sosial bærekraft? Klimavenlege utbyggingsmønster og materialbruk?

Vurdering

Meland er inne i ei viktig fase med å leggje premissane for utvikling av Midtmarka og aksene Knarvik - Frekhaug. Gjennom deltaking i Byregionprogrammet kan vi få auka kunnskap om utbyggings- og næringsutvikling, gode tips og innspel og nyttige nettverksrelasjonar til andre kommunar i vår region med same utfordringar.

Hordaland fylkeskommune har vedteke plan for senterutvikling, og arbeider med ATP for Bergensregionen og regional næringsplan. Dei vil difor vere ein viktig bidragsytarar inn i programmet. Det same vil Fylkesmannen, Business Region Bergen og Bergen Næringsråd vere.

Bidrag frå kommunane vil vere eigeninnsats i form av arbeidstimar. Frå Meland er Sektorsjef teknisk og Samfunnsplanleggjaren med i prosjektgruppa. Planleggjar blir trekt inn ulike oppgåver. Frå departementet er det understreka at politisk involvering er vesentleg for å lukkast med prosjektet.

Folkehelse: Positivt å arbeide med utvikling av nye utbyggingsmønster som byggjer opp under folkehelse, miljø og trivsel; å legge til rette for det gode kvardagslivet.

Miljø: Auka fokus på klimavenleg og energinøytral vekst og utvikling, som kommunen har eit ansvar for å bidra til.

Økonomi: Deltaking i prosjektet medfører eigeninnsats i form av arbeidstimar, i pågåande planarbeid.

Konklusjon

Prosjektet er eit løft for kommunen sitt arbeid med å utvikle aksene Knarvik – Frekhaug til eit vekstområde med høg kvalitet og styrka næringsliv. Det er ein stor fordel at både Lindås og Meland kommune tek del i programmet. Samarbeidet med tilsvarande vekstkommunar som Fjell, Lindås og Os vil i seg sjølv føre til utveksling av erfaring og kunnskap og heve kompetansen hjå eigne tilsette. Utvikling og utbygging må foregå i samspel mellom kommunale og private aktørar, og kommunen treng god kunnskap for å styre komplekse samanhengar. Det nasjonale programmet er målretta og konkret, og bidrar m.a. med større nettverkssamlingar.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Meland sluttar seg til søknaden der Meland kommune, i lag med Lindås, Os og Fjell søker om deltaking i Utviklingsprogrammet for byregionar. Prosjektperioden er 3 år 2015-2017.

Formannskapet - 45/2015**FS - behandling:****FS - vedtak:**

Formannskapet i Meland sluttar seg til søknaden der Meland kommune, i lag med Lindås, Os og Fjell søker om deltaking i Utviklingsprogrammet for byregionar. Prosjektperioden er 3 år 2015-2017.